



Osterøy kommune  
Postboks 1  
5293 LONEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Osterøy kommune - budsjett 2023 og økonomiplan 2023 - 2026

Osterøy heradsstyre har i møtet 07.12.2022, sak 106/2022, handsama og vedteke budsjett 2023 og økonomiplan for 2023 – 2026. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Osterøy kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

### Oppsummering

*Rekneskapstal for 2022 viser at kommunen fekk eit godt årsresultatet, som gjer at kommunen kan auke reservane og handlingsrommet sitt. Folketalet har auka, også det siste året. Dette er bra av di kommunen er avhengig av inntekter dei ikkje sjølve kan påverke eller fullt ut rår over, for å ha eit budsjett i balanse.*

*Økonomiplanen viser at kommunen framleis har ein utfordrande økonomi, etter utmelding frå Robek i mars 2021. Dei budsjetterte netto driftsresultata i perioden er avhengig av at kommunen har ei effektiv drift, og av reduksjonar på tenestenivåa, samstundes som kvaliteten i tenestene må varetakast. Reservane er framleis låge, og arbeidskapitalen har minka noko siste året.*

*Det blir lagt opp til vesentlege investeringar og låneopptak, og med eit stigande og høgt rentenivå gir dette òg ein auke i rente- og avdragsutgiftene i løpet av perioden. Kommunen bør opparbeide seg større fondsreservar og handlingsrom til å møte denne utgiftsauken og andre uføresette hendingar framover.*

*Vi viser til kommunelova § 14-2 bokstav c, som omtalar kommunestyret si plikt til å vedta finansielle måltal for utvikling og styring av kommunen sin økonomi, og ber om at dette vert innarbeidd i budsjett- og økonomiplandokumenta.*

### Resultat 2022

Kostra-tal for 2022 viser at kommunen (som konsern) fekk eit netto driftsresultat på 11,3 mill. kroner. Det utgjør 1,5 prosent av driftsinntektene, og vart avsett til fond. Disposisjonsfondet (fri



eigenkapital drift) er ved utgangen av 2022 på 46,2 mill. kroner, som utgjør 5,9 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet utan Oslo utgjør 14,4 prosent.

Kommunen fekk utbetaling frå Havbruksfondet med 13,2 mill. kr i 2022.

### **Budsjett 2023**

I det opphavlege budsjettet er det budsjettert med eit negativt netto driftsresultat på 1,4 mill. kroner, som utgjør minus 0,20 prosent av driftsinntektene. Resultatet er planlagt dekt inn ved bruk av fond.

Oppdatert prognosemodell frå KS etter revidert nasjonalbudsjett (RNB) og oppjusteringar knytt til endringar mellom anna for lønns- og prisvekst, skatteinntekter og endringar i konsesjonskraftinntektene, viser no at dei frie inntektene er endra til samla om lag 530,9 mill. kroner for 2023. Dette utgjør skatteinntekter (inkludert naturressursskatt) på om lag 237,7 mill. kroner, pluss rammetilskot på om lag 293,1 mill. kroner. Det justerte trekket på konsesjonskraftinntektene utgjør no om lag 0,6 mill. kroner.

Kommunen får eit trekk i utgiftsutjamninga på 17,9 mill. kroner for 2023 på grunn av mange private skular, ein auke på om lag 4 mill. kroner siste året.

Det er budsjettert med investeringar i anleggsmiddel for til saman 92,7 mill. kroner, der 80,7 mill. kroner skal lånefinansierast og 11,9 mill. kroner er kompensasjon for meirverdiavgift. 35 mill. kroner av dette er til investeringar i vatn og avlaup og er sjølvfinansierande.

Samla årlege rente- og avdragsutgifter aukar med 13,7 mill. kroner frå 2022 til 2023. Det er budsjettert med ei ytterlegare auke på 8,5 mill. kroner i løpet av perioden, til i underkant av 60 mill. kroner per år.

Den langsiktig lånegjelda (ekskl. pensjonsutgifter) utgjorde om lag 769 mill. kroner ved inngangen til perioden, og tilsvarar 98,9 prosent av driftsinntektene. Tilsvarande er gjennomsnittet for landet (utan Oslo) 114 prosent.

### **Økonomiplan 2023 – 2026**

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Det er budsjettert med positive netto driftsresultat på 5,9 mill. kroner i 2024, om lag 0 kroner i 2025 og 4,7 mill. kroner i 2026. Resultata skal avsetjast til disposisjonsfond. Samstundes er det budsjettert med reduksjon i overføringane til tenesteeiningane dei siste åra i perioden.

Samla investeringar dei siste tre åra i perioden utgjør 274 mill. kroner, der 26,5 mill. kroner er til sjølvkost innanfor vatn og avlaup. Alle investeringane skal finansierast med nye lån på om lag 225 mill. kroner, i tillegg til refusjon av meirverdiavgift på 49 mill. kroner. Dei største investeringane i perioden er til avlastingsbustad og dagtilbod på Hauge, Osterøy ungdomsskule og bustader til omsorg +.



## Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handlevna over tid.

I budsjettokumentet går det fram følgjande handlingsregel for Osterøy kommune:

- Netto driftsresultat: 2,5 % netto driftsresultat

I budsjett- og økonomiplan for 2023 – 2026 er resultat i prosent av inntekter berekna til:

	<b>mål</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>
Netto driftsresultat	2,5 %	-0,20 %	0,8 %	0 %	0,7 %
Disposisjonsfond	Ikkje vedteke	3,7 %	4,4 %	4,5 %	5,1 %
Netto lånegjeld	Ikkje vedteke	92 %	97,7 %	106,1 %	108,9 %

Netto renteesponert gjeld utgjer 47,4 prosent av brutto inntekter. Kommunen er framleis utsett for svingingar i rentenivået. Det er ikkje lagt inn måltal for disposisjonsfond eller langsiktig- eller netto gjeld i prosent av brutto inntekter.

## Statsforvaltaren sine vurderingar

Rekneskapstal for 2022 viser at kommunen fekk eit godt årsresultatet, som gjer at kommunen kan auke reservane og handlingsrommet sitt. Folketalet har auka, også det siste året. Dette er bra av di kommunen framleis er avhengig av inntekter dei ikkje sjølve kan påverke eller fullt ut rår over, for å ha eit budsjett i balanse.

Økonomiplanen viser at kommunen framleis har ein utfordrande økonomi, etter utmelding frå Robek i mars 2021. Dei budsjetterte netto driftsresultata i perioden er avhengig av at kommunen har ei effektiv drift, og av reduksjonar på tenestenivåa, samstundes som kvaliteten i tenestene må varetakast. Reservane er framleis låge, og arbeidskapitalen har minka noko siste året.

Det blir lagt opp til vesentlege investeringar og låneopptak, og med eit stigande og høgt rentenivå gir dette òg ein auke i rente- og avdragsutgiftene i løpet av perioden. Kommunen bør opparbeida seg større fondsreservar og handlingsrom til å møte denne utgiftsauken og andre uføresette hendingar framover.

Folketalsframskrivingar og demografikostnader fram mot år 2032 visar at Osterøy vil få ein auke i utgiftene innanfor pleie- og omsorg og helse, og ein nedgang i dei andre tenestene.

Vi viser til kommunelovas § 14-2, bokstav c, som omtalar kommunestyret si plikt til å vedta finansielle måltal for utvikling og styring av kommunen sin økonomi, og ber om at dette vert innarbeida i budsjett- og økonomiplandokumentata.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*